

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 15/1217

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

26.01.2015

## VESTBYGD SKULE - TILSYNSRAPPORT OG GODKJENNING AV PÅBYGG

Den 8.01.15 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." ved Vestbygd skule. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

Rektor Rolf Inge Fyllingsnes og vaktmeister Ragnar Hopland møtte for verksemda.

### ➤ **Tilsyn**

Skulen har i 2012 utvida med påbygg som inneheldt bl.a. 6 klasserom (3 store rom som kan delast med lyddempande skiljevegg, samt 2 grupperom, rom til helsesyster og 4 toalett). Skulen har i dag 180 elevar. Den teoretiske kapasiteten på dei ordinære klasseromma er 270 elevar.

Det har ikkje vore søkt om godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular for påbygget. Vurdering om godkjenning av påbygg vart derfor teke med på tilsynet.

Spesialromma som tildlegare vart nytta som vanlege klasserom grunna plassmangel, er nå tilbakeført til spesialrom (eks. skulekjøken, sløydsal, tekstilsal/musikkrom).

### **Avvik som vart påpeika**

Under tilsynet vart det oppdaga nokre manglar i verksemda.

### **§ 9; Utforming og innreiing**

1. Dei som har klasserom nærast parkeringsplass har dårleg oppmerka tilkomst. I dag går dei over ei gresshaug (fleire stader). Dette er både glatt og lite praktisk. Betre tilkomst/synleggjering (f.eks. gruslagt sti) vil betre forholda.

### **§ 11; Måltid**

2. Det kom ikkje klart fram om skulen hadde rutinar for kontroll av temperatur på kjøøl (-1 – 4 °C) og frys (< -18°C) i verksemda. Prosedyre for kontroll må utarbeidast, dersom dette manglar.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

### § 13; Reingjering

3. Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på at hovudreingjering er utført.

### § 14; Tryggleik og helse

4. Regelmessig ettersyn på leikeplassutstyr og apparat i gymnastikksal vert utført, men skulen manglar skriftleg dokumentasjon på utført kontroll.

### § 17; Smittevern

5. Det manglar rutinar for Legionellakontroll. Risikovurdering må utførast og rutinar må utarbeidast for å forebygge oppvekst og spreing av Legionella.

### § 19; Inneklima/luftkvalitet:

6. Filtre i kjøkkenventilatorar var dårleg reingjort. Dette medfører bl.a. dårleg avtrekk. Rutinar for reingjering/skifte av filter i kjøkkenviftar i verksemda må utarbeidast.

### § 23; Sanitære tilhøve

7. Det er ikkje tilfredsstillande sanitære tilhøve på småskulefløyen. Her luktar det sterkt av urin. Det er hol på tapet på veggjar både på småskuletrinnet og mellomtrinnet. Utbetring/oppgradering må utførast.

#### ➤ **Vurdering av påbygg**

Påbygget tilfredsstillar krava til godkjenning etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."

#### ➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert utvidinga/påbygget ved Vestbygd skule godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

Vestbygd skule er nå teoretisk berekna til 270 elevar.

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 01.08.2015.

Dersom skulen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

#### **Avvik som må rettast:**

- Avvik nr. 1, 2, 5 og 6 må rettast innan 1.03.15.
- Avvik nr. 3 må rettast ved neste hovudreingjering.
- Avvik nr. 4 må rettast ved neste hovudettersyn.
- Avvik nr. 7 må rettast innan 1.05.15.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når avvika er lukka.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Dersom det er spørsmål i samband med denne saka, ring gjerne Miljøretta helsevern på 56375770 / 95019609.

Med helsing

Tord Motumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygieinsk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune

**KOPI TIL:**

- Rådmannen
- Utval for levekår
- Komm. avd for kultur og oppvekst/barnehagekons.
- Jens Dahl, Komm. avd. for natur, næring og tekniske tenester

**Mottakere:**

Vestbygd skule  
Meland kommune

Holmemarka 5918

FREKHAUG